

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutvalet - Naustdal kommune

Utval:	Kontrollutval - Naustdal kommune
Møtedato:	29.08.2013
Møtetid:	08.30
Stad:	Kommunestyresalen
Møtenr.:	3/2013
Innkalling:	Faste medlemmer i utvalet, Rådmann er kalla inn i sak (022/13 - 025/13).
Melding til:	Ordførar(møterett), revisor (møterett) og varamedlemer (varamedlemer møter berre etter særskild innkalling).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 95139762 eller på e-postadresse: post@sekom.no.

SAKLISTE

- 020/13 Godkjenning innkalling og sakliste.
- 021/13 Skriv og meldingar.
- 022/13 Orientering om sektor skule og kultur i Naustdal kommune
- 023/13 Orientering – Oppfølging av arbeidet med trafikktryggingsplanen i Naustdal kommune.
- 024/13 Orientering om status på breiband utbygging i Naustdal kommune.
- 025/13 Orientering om etisk reglement i Naustdal kommune.
- 026/13 Plan for forvaltningsrevisjon – Naustdal kommune.
- 027/13 Budsjett for kontroll og tilsyn 2014
- 028/13 Oppfølgingsliste 3-2013 – Naustdal.
- 029/13 Eventuelt.

Naustdal, 16.08.2013

Randi Elvebakk Reiakvam (sign)
- kontrollutvalsleiar -



Vidar Øvrebø

SEKOM - sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	951 39 762 VØ		987 631 554	3705.08.32571

020/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 16.08.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	29.08.2013	020/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

021/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 16.08.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	29.08.2013	021/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 13/13: Kommunestyrevedtak 36/13 «Årsmelding 2012 Naustdal kommune», datert 20.06.2013.
- SM 14/13: Kommunestyrevedtak 37/13 «Årsrekneskap 2012 Naustdal kommune», datert 20.06.2013.
- SM 15/13: Rundskriv om iverksetjing av endringar i kommuneloven m.m. – eigenkontroll mv., datert 21.06.2013.
- SM 16/13: Brev frå KRYSS-revisjon til eigarkommunane til KRYSS-revisjon – «Årsrekneskap og årsrapport for 2012, KRYSS-revisjon, datert 22. mai 2013.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

SM 13/13

NAUSTDAL KOMMUNE

SAKSUTGREIING

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saksnr.	Sakshandsamar
FORMANNSKAPET	12.06.2013	034/13	PKL
KOMMUNESTYRET	20.06.2013	036/13	PKL

Saksansv.: Per-Kristian Langlie	Arkiv: K3-&14 Objekt:	Arkivsaknr 13/294
	Avgjerd av:	

Årsmelding 2012 Naustdal kommune

Vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	I	29.05.2013	Rådmann	Årsmelding 2012

Innleiing

I 2012 har vi lagt eit godt grunnlag for framtida. I planstrategien som kommunestyret vedtok er «folketalsvekst med kvalitet i samfunnsutviklinga» peika ut som hovedmålet. Viktige planar og avklaringar har komme i 2012.

Naustdal kommune fekk i 2012 eit overskot på 2,2 mill. kr. Det er høgare inntekter frå skatt/rammetilskott, lågare avsetning til løner og reduserte netto pensjonsutgifter som er årsaken til at resultatet er betre enn venta. Skulane og barnehagane kjem samla ut med mindreforbruk. Det er innafør desse områda ein har gjennomført dei største og mest krevjande budsjett- og organisatoriske tiltak i 2012.

Alle tilsette har teke i eit tak i 2012 for å kunne komme i mål. Samla sette er det eit lite overforbruk på driftsrammene til seksjonane når ein ser vekk frå ekstraordinære tilhøve. Utfordringane har vore store der mange har bidrege til å komme i mål. Ein ser også resultat igjen i høve kostnadsutviklinga målt mot andre kommunar. Kommunens sine omstillingstiltak

har gjort at på dei store områda som skule, barnehage og omsorg har ein redusert kostnadene, medan andre kommunar har stigande utgifter. Samanlikningstal frå SSB viser dette.

Overskottet kjem fram etter to år med underskott (2010 og 2011). Utgiftsveksten fram til 2011 innanfor fleire av ansvarsområde til kommunen hadde då vore større enn veksten i inntektene. I samband med økonomiplan for 2012 – 2015 og budsjett for 2012 vedtok derfor kommune-styret eit program for å saldere 10,4 mil. kr. Programmet har verka og kommunen har dessutan kome betre ut enn planlagt.

Med overskott i 2012 ligg kommunen også føre plan for underskottsdekning. Underskottet frå 2011 skulle først vore nedbetalt i 2013, men det vil bli laga ei innstilling til kommunestyret der heile meirforbruket frå 2011 blir dekt inn i samband med vedtak for årsoppgjeret for 2012. Investeringsplanen som kommunestyret har lagt opp til i økonomiplan kan då fylgjast. Dette er særleg viktig for opprusting av Naustdal Barne- og Ungdomsskule og Lunden Barnehage som utgjerd dei tyngste investeringane i 2013 og 2014.

I 2012 har det vore arbeidd godt med planar og utviklingsarbeid. Plan for Fjordlandsbyen blir lagt til offentleg ettersyn om kort tid. I 2012 fekk vi også vedtak på kulturplan for Naustdal kommune etter ein god prosess. Planen viser ei retning for korleis arbeid med kunst- og kultur som viktig drivkraft for samfunnsutviklinga. Trafikktryggingssplan har også vorte utarbeidd og vedteken i året som gjekk.

I 2012 har ein arbeidd mykje med ny plattform for helse- og omsorgstenestene. Planen for desse viktige områda er lagt ut på høyring. Året som gjekk var også krevjande for helse- og omsorgstenestene. Samahandlingsreforma har vore takla godt. Medfinansieringsansvar for spesialisthelsetenestene vart lågare enn budsjettert. Gjennom året såg vi at PLO ville få eit meirforbruk men som fylgje av høge vikar og overtidsutgifter. Men meirforbruket vart mindre enn venta fordi refusjonane for ressurskrevjande brukarar gav større inntekter enn budsjetter. Ved nyttår har ein også starta med ny organisering av tekniske tenester og ein ny seksjonsleiar er tilsett for teknisk drift.

Kommentar til rekneskapen

Resultat og inntekt.

Driftsrekneskapen for 2012 vart avslutta med eit mindreforbruk på 2,3 mill.

Investeringsrekneskapen for 2012 er gjort opp med eit meirforbruk på kr. 1,3 mill.

Skatt og rammer:

Skatt på inntekt og formue er inntektsført med kr. -50.885.595,- (budsjettert kr. -50.033.000 revidert) Rammetilskotet er inntektsført med kr. 93.830388,- (budsjettert kr. 93.454.000 revidert).

Momskompensasjon:

Naustdal kommune har motteke kr. 1,7 mill. kroner i momskompensasjon som gjeld prosjekt i investeringsrekneskapen.

Av dette er 60% inneksført i investerings-rekneskapen.

Renteutgifter:

Det er utgiftsført renteutgifter på lån med kr 5.151.378.- Dette er 668.622.- mindre enn budsjettert og skuldast i det vesentlege redusert rente.

Avdragsutgifter:

Avdragsutgifter er ført etter minsteavdragsprinsippet. I driftsrekneskapan er det utgiftsført avdrag med kr 5.669.332.- som er i tråd med berekna minsteavdrag. I investeringsrekneskapan er det utgiftsført eit ekstraordinært avdrag på kr 1.383.334.- jfr k.sak 88/12.

Investeringar med finansiering:

Investeringsregnskapan for Naustdal kommune er gjort opp med eit meirforbruk på 1,3 mill. kr i 2012.

Garantiar gitt av kommunen pr. 31.12

Kommunen kan gi garantier med heimel i KL § 51 og forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantier KRD 2. februar 2001. Kommunen gir garantier som simpel kausjon.

Garanti gitt til:	År 2012	Låneinstitusjon
Loffen barnehage	57.381	Spareb. Sogn. Og Fj.
Alarmsentralen	1.500	KLP Kreditt

Lånegjeldsutviklinga:

	Lån 1/1	Nye lån	Avdrag	Lån 31/12
2004	99 464	10 794	-5 858	104 400
2005	104 400	1 950	-3 636	102 714
2006	102 714	2 674	-3 898	101 490
2007	101 490	26 560	-3 993	124 057
2008	124 057	11 662	-3 972	131 747
2009	131 747	20 049	-6 268	145 528
2010	145 528	13 915	-7 436	152 007
2011	152 007	20 949	-7 682	165 274
2012	165 274	16 276	-7 986	173 564

Lånegjeld pr. innbyggjar:

	2009	2010	2011	2012
	54.080	56.719	61.122	63.623

Langsiktig gjeld – type gjeld og fordeling mellom långivarar

Tekst	2012	2011
Kommunens samla lånegjeld	173.564.914	165.274.726
Fordelt på følgende kreditorer:		
Husbanken	19.705.217	13.687.490
Kommunekreditt	57.545.427	59.477.687
Kommunal bank	96.314.270	81.548.360
Sparebanken S og Fj.	0	10.561.189

Det er i regnskapsåret utgiftsført avdrag på lånegjeld med til saman kr 7.986.028,- inklusive

avdrag til Husbanken i investeringsrekneskapen som gjeld Startlån på kr 933.362,- I tillegg er det utgiftsført ekstraordinært avdrag på kr 1.383.334.- Minste lovlige avdrag etter kl § 50 nr 7 utgjør kr 5.669.332.- I driftsrekneskapen er det utgiftsført avdrag med kr 5669.332.-

Økonomisk oversikt drift 2012:

Driftsrekneskapen er gjort opp med eit mindreforbruk på kr. 2.247.302,-

	B-2012	R-2012
B. SUM DRIFTSINNEKTER	-192 742 400	-206 752 982
C. SUM DRIFTSUTGIFTER	190 544 800	202 015 576
D. BRUTTO DRIFTSRESULTAT (B-C)	-2 197 600	-4 737 406
E. SUM EKSTERNE FINANSINNEKTER	-1 300 000	-1 588 411
F. SUM EKSTERNE FINANSUTGIFTER	11 510 000	10 824 782
G. RESULTAT EKST. FINANS.TRANS. (E-F)	10 210 000	9 236 371
I. NETTO DRIFTSRESULTAT	-340 300	-3 854 074
J. SUM BRUK AV AVSETNINGAR	-1 728 058	-3 542 517
K. SUM AVSETNINGAR	2 068 358	5 149 290
L. REKN.MESS. MEIR-/MINDREFORBR. (I+J-K)	0	-2 247 302

Rådmannen viser elles til noter i rekneskapen der det er gjort greie for dei vesentlege moment i rekneskapen for 2012.

Naustdal kommune har eit meirforbruk på kr 1.327.506.- frå 2011 til inndekning i 2013.

Investeringsrekneskapen er gjort opp med eit meirforbruk på kr 1.274.964.- I henhold til regelverket er det kommunestyret som må fatte vedtak om inndekning av meirforbruket i 2013. Kommunestyret vil kunne nytte overskottet i 2012 til dette

Finansforvaltning

Finansforvaltninga i Naustdal kommune har som overordna mål å sikre ei rimeleg avkastning samt stabile og lave netto finansieringskostnader for kommunen sine aktivitetar innafor definerte risikorammer.

Dette vil ein m.a. oppnå ved at:

- * Kommunen til ei kvar tid skal ha likviditet til å dekke daglege plikter.
- * Lånte midlar over tid skal gi lågast mogleg total kostnad innafor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko.

Naustdal kommune forvaltar i dag likvide midlar og innlån.

Forvaltning av likvide midlar berekna på driftsføremål:

Kommunen sine midlar til driftsføremål (samt ledig likviditet) er plassert i bankinnskott.

Forvaltninga av kortsiktige midlar skal sikre at kommunen kan betale ved forfall. For å kunne møte uventa svingingar i likviditetsbehovet og samstundes får tilfredsstillende avkasting har kommunen:

- * inngått rammeavtale med Sparebanken Sogn og Fjordane for å ivareta dei daglege behov for banktenester.
- * stilt krav om minimum internasjonal kreditt-rating A – eller tilsvarende kredittvurdering.

Forvaltning av kommunen sin gjeldsportefølgje:

Kommunestyret fattar vedtak om opptak av nye lån i årsbudsjettet. Slikt vedtak skal som minimum angi:

- * Lønebeløp
- * Nedbetalingstid

Med utgangspunkt i kommunestyret sitt vedtak skal det gjennomførast låneopptak, herunder godkjenning av lånevilkår.

Fullmakter

Det ligg til rådmann å inngå avtaler i samsvar med gjeldande reglement.

Rådmannen har fullmakt «til å velje låneinstitusjon, evt. ekstern forvaltar, lånetype, avdragstid, rentevilkår og avtaler for innlån, refinansiering, samanslåing og forvaltning av lån»

Fullmaktene skal berre nyttast i samband med låneopptak til føremål som er omtala i kommunestyret sitt vedtak om årsbudsjett eller i tilsvarende vedtak i einskildsak i kommunestyret. Rådmann skal forvalte kommunen sine innlån i samsvar med gjeldande reglement og kommunelova § 50 om låneopptak.

Likviditet

Det vil vere eit behov for å styrke likviditeten gjennom året, vedtok kommunestyret å inngå ei kassakredittavtale på 10 mill. kroner for 2012.

Driftslikviditet:

Ein kassakreditt på kr 10.000.000.- er tilstrekkeleg til å fange opp svingingar gjennom året.

Forvaltning av ledig likviditet:

Ledige midlar blir forvalta gjennom ei konsernavtale med Sparebanken Sogn og Fjordane. Kommunen har ingen ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål, utover det som trengs til dekking av kommunen sine daglege plikter.

Konklusjon:

Disponeringa ligg innafor rådmannen si fullmakt og gjeldande finansreglement.

Naustdal kommune forvaltar dei likvide midlane i samsvar med kommunen sitt vedteke finansreglement.

Kommunen har ei samla lånemasse på kr. 173.564.914,- (inkl. formidlingslån i Husbanken). Låna i Sparebanken er nedbetalt/refinansiert med eit nytt lån i Kommunalbanken.

Lån.

Samansetting av låneporteføljen:

Pr. 31.12.2012 låg det føre følgjande plasseringar:

Tekst	2012	2011
Kommunens	173.564.914	165.274.726
Fordelt på		
Husbanken	19.705.217	13.687.490
Kommunekreditt	57.545.427	59.477.687
Kommunal bank	96.314.270	81.548.360
Sparebanken S	0	10.561.189

Det er i regnskapsåret utgiftsført avdrag på lånegjeld med til saman kr 7.986.028,- inklusive avdrag til Husbanken i investeringsrekneskapen som gjeld Startlån på kr 933.362,- I tillegg er det utgiftsført ekstraordinært avdrag på kr 1.383.334,- Minste lovlige avdrag etter kl § 50 nr 7 utgjør kr 5.669.332,- I driftsrekneskapen er det utgiftsført avdrag med kr 5669.332,-

Risikoeksponering:

Risiko definert som produktet av sannsynleg heita for at ei hending skjer og konsekvensen av hendinga.

Det har ikkje vore renteoppgang av betydning i løpet av 2012. 1% - poeng på Pt. Renta vil utgjere kr. 1.174.000,- på årsbasis. Konsekvensen av ei eventuell auke vil i første omgang vere liten, men kan fort auke då det ikkje er lagt inn nokon reserve i budsjettet.

Avdragsutgifter er ført etter minsteavdragsprinsippet. I driftsrekneskapen er det utgiftsført avdrag i tråd med berekna minsteavdrag. Dette er med på å styrke likviditeten gjennom året

Konklusjon:

Med bakgrunn i at låna i Sparebanken er nedbetalt/refinansiert med eit nytt lån i Kommunalbanken, kjem ein ut i balanse. Sannsynleg heita for renteoppgang er liten. Renta har helde seg stabil gjennom 2012. Konsekvensen vil i første omgang vere liten. Dersom ein t.d. legg til grunn ei vekst på 0,5%-poeng på Pt. renta, vil dette utgjere kr. 587.000,-.

Handlingsprogram og mål for 2012.

Rådmannen viser til «Årsmelding 2012» når det gjeld oversyn over seksjonsrammer- og sektoroversiktar.

Rådmannen legg årsmeldinga fram med slik

TILRÅDING:

Naustdal kommune si årsmelding for 2012 vert vedteke slik den ligg føre.

12.06.2013 FORMANNSKAPET

VEDTAK:

Tilrådinga samrøystes vedteken.

SAKSORDFØRAR: Håkon Myrvang

20.06.2013 KOMMUNESTYRET

VEDTAK:

Tilrådinga samrøystes vedteken.

SM 14/13

NAUSTDAL KOMMUNE

SAKSUTGREIING

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saksnr.	Sakshandsamar
FORMANNSKAPET	12.06.2013	035/13	PKL
KOMMUNESTYRET	20.06.2013	037/13	PKL

Saksansv.: Per-Kristian Langlie	Arkiv: K1-210 Objekt:	Arkivsaknr 13/20
	Avgjerd av:	

ÅRSREKNESKAP 2012 NAUSTDAL KOMMUNE

Vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
6	I	15.04.2013	Kryss revisjon	Revisjonsmelding 2012
8	I	21.05.2013	Økonomikontoret v/Erlend Lien	Notar og rekneskap 2012
9	I	22.05.2013	SEKOM-sekretariat	Sak frå kontrollutvalet til formannskap og kommunestyret - årsrekneskap og årsmelding 2012

Saksopplysningar:

Resultat og inntekt.

Driftsrekneskapen for 2012 vart avslutta med eit mindreforbruk på 2,3 mill.

Investeringsrekneskapen for 2012 er gjort opp med eit meirforbruk på kr. 1,3 mill.

Skatt og rammer:

Skatt på inntekt og formue er inntektsført med kr. -50.885.595,- (budsjettert kr. -50.033.000 revidert) Rammetilskotet er inntektsført med kr. 93.830388,- (budsjettert kr. 93.454.000 revidert)

Momskompensasjon:

Naustdal kommune har motteke kr. 1,7 mill. kroner i momskompensasjon som gjeld prosjekt i investeringsrekneskapen.

Av dette er 60% inntektsført i investerings-rekneskapen.

Renteutgifter:

Det er utgiftsført renteutgifter på lån med kr 5.151.378.- Dette er 668.622.- mindre enn budsjettert og skuldast i det vesentlege redusert rente.

Avdragsutgifter:

Avdragsutgifter er ført etter minsteavdragsprinsippet. I driftsrekneskapen er det utgiftsført avdrag med kr 5.669.332.- som er i tråd med berekna minsteavdrag. I investeringsrekneskapen er det utgiftsført eit ekstraordinært avdrag på kr 1.383.334.- jfr k.sak 88/12.

Investeringar med finansiering:

Investeringsregnskapen for Naustdal kommune er gjort opp med eit meirforbruk på 1,3 mill. kr i 2012. Tabellen viser prosjekta som bidreg med underskot.

Prosj	Prosj (T)	Beløp
1000	Naustdal kyrkjegard . Reidskaphus, 2010	20 302
1002	Formidlings-/startlån	582 364
1006	IKT administrasjon	106 935
1014	Politikarportal	29 177
1514	Prosjektstyring ny barnehage	64 124
1524	Naustdal Stadion byggesteg 2	334 482
3017	Plog og hengarsuppl.	28 587
3516	Rehabilitering kommunale vegar	19 808
3517	Siktrydding veg	32 375
3530	Veg Reiakvam-fjerning mur, omlegging	56 810
	SUM	1 274 965

Vesentlige investeringar i nybygg og nyanlegg

Prosj	Prosj (T)	Beløp
1002	Formidlings-/startlån	8 758 355
1524	Naustdal Stadion byggesteg 2	1 502 536
1025	Innbetaling av unytta lånemidlar	1 383 334
2002	Friskhus planlegging	971 833
3523	Generelt vedlikehald VA	896 375
3013	Veginvesteringar (2012)	828 027
3502	Vassforsyning Mallasvik Sæle	788 487
3002	Områdeplan Sæla	754 948
1514	Prosjektstyring ny barnehage	665 858
3001	Gangbru over Nausta	636 086

	/reguleringsplan)	
1503	Kunstgrasbane	632 000
3516	Rehabilitering kommunale vegar	523 196

Tabellen over viser påløpte kostnader på dei mest vesentlige prosjekta. Fleire av prosjekta går over fleire år, men tabellen viser investeringsutgiftene for 2012.

Garantiar gitt av kommunen pr. 31.12

Kommunen kan gi garantier med heimel i KL § 51 og forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantier KR2 2. februar 2001. Kommunen gir garantier som simpel kausjon.

Garanti gitt til:	År 2012	Låneinstitusjon
Loffen barnehage	57.381	Spareb. Sogn. Og Fj.
Alarmsentralen	1.500	KLP Kreditt

Langsiktig gjeld – type gjeld og fordeling mellom långivarar

Tekst	2012	2011
Kommuncens samla lånegjeld	173.564.914	165.274.726
Fordelt på følgende kreditorar:		
Husbanken	19.705.217	13.687.490
Kommunekreditt	57.545.427	59.477.687
Kommunal bank	96.314.270	81.548.360
Sparebanken S og Fj.	0	10.561.189

Økonomisk oversikt drift 2012:

	B-2012	R-2012
B. SUM DRIFTSINTEKTER	-192 742 400	-206 752 982
C. SUM DRIFTSUTGIFTER	190 544 800	202 015 576
D. BRUTTO DRIFTSRESULTAT (B-C)	-2 197 600	-4 737 406
E. SUM EKSTERNE FINANSINTEKTER	-1 300 000	-1 588 411
F. SUM EKSTERNE FINANSUTGIFTER	11 510 000	10 824 782
G. RESULTAT EKST. FINANS.TRANS. (E-F)	10 210 000	9 236 371
I. NETTO DRIFTSRESULTAT	-340 300	-3 854 074
J. SUM BRUK AV AVSETNINGAR	-1 728 058	-3 542 517
K. SUM AVSETNINGAR	2 068 358	5 149 290
L. REKN.MESS. MEIR-/MINDREFORBR. (I+J-K)	0	-2 247 302

Rådmannen viser elles til noter i rekneskapen der det er gjort greie for dei vesentlege moment i rekneskapen for 2012.

Dei einkilde ansvarområda kan summerast opp slik:

Ansvar	Ansvar (T)	Revidert budsjett 2012	Rekneskap 2012
100	Rådmannen	-728 000	-1 881 300
110	Rådgjevar personal og økonomi	15 892 200	16 359 063
200	Rådgjevar oppvekst og kultur	14 768 000	15 365 785
210	Seksjonsleiar Naustdal barne- og ungdomsskule	26 917 000	26 349 462
214	Seksjonsleiar Vevring skule og barnehage	4 137 000	3 955 402
216	Seksjonsleiar Dalen skule	5 961 300	5 994 630
270	Seksjonsleiar Lunden barnehage	6 046 100	5 719 086
271	Horstad barnehage	1 402 100	1 736 211
300	Rådgjevar helse, sosial og omsorg	0	228 258
320	Seksjonsleiar helse	11 086 100	11 647 154

350	Seksjonsleiar sosial	7 879 600	9 425 855
370	Seksjonsleiar pleie og omsorg	50 356 800	52 088 153
600	Rådgevar landbruk/teknikk	1 947 000	606 631
620	Plan og næring	3 785 500	3 867 778
900	Finansielle føremål	-1 304 000	-1 739 557
		148 146 700	149 722 613

Rådmannen legg saka fram med slik

TILRÅDING:

Naustdal kommune sin årsrekneskap for 2012, viser eit rekneskaps messig mindreforbruk på kr. 2.247.302,-

Resultatet vert nytta til å dekke:

Rest meirforbruk 2011 på kr. 1.327.506,-

Sjølvkostområde «vatn» vert å justere med kr. 475.463,-

Kommunestyret syner til rekneskapen for sjølvkosttenestene vatn og avløp, der overskot på sjølvkostområdet «avløp» er nytta til inndecking av akkumulert underskot på sjølvkostområdet «vatn» i strid med regelverket.

Kr. 200.000,- som gjeld tettstadmidlar 2008 Uteståande krav staten.
 Dette må i 2013 førast mot tap på krav.

Kr. 339.418,- som gjeld Naustdal Sogelag (gamalt) Kortsiktige fordringar.

Dette må og nullast ut og førast mot tap på krav slik:

Kr. 244.333,- rest rekneskaps messig mindreforbruk

Kr. 95.085,- bruk av tidlegare avsetning slik:

25199700	7015	Russenes,tilskot 2004	-19 829,10
25199700	7022	Prosjekt 803	-31 000,00
25199700	7025	Bustadtilskot-tilpassing	-40 105,00
25199700	7028	Prosjekt IKT 810	4 150,00

Investeringsrekneskapen for 2012 er gjort opp med eit meirforbruk på kr. 1.274.965 mill.

Naustdal kommune vedtek at manglande finansiering av nybygg og anlegg på kr. 1.274.965 mill. skal dekkjast opp. Finansieringa vert å fremje i eiga sak.

Naustdal kommune sitt årsrekneskap for 2012, vert etter dette godkjent slik det ligg føre.

12.06.2013 FORMANNSKAPET

VEDTAK:

Tilrådinga samrøystes vedteken.

SAKSORDFØRAR: Håkon Myrvang

20.06.2013 KOMMUNESTYRET

VEDTAK:

Tilrådinga samrøystes vedteken.

SM 15/13



DET KONGELIGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

MOTTATT
21 JUNI 2013

Rundskriv

Førde kommune
Kommunene
Fylkeskommunene
Fylkesmennene

Nr.
H-2/13

Vår ref
2013001685 - 1

Dato
21.06.2013

Rundskriv om iverksetting av endringer i kommuneloven m.m. - egenkontroll mv.

1. Innledning

Stortinget vedtok 17. desember 2012 endringer i kommuneloven, lov om interkommunale selskaper (IKS-loven), inndelingsloven og hvitvaskingsloven. Vedtaket ble sanksjonert av Kongen i statsråd 8. februar 2013. Lovendringene bygger på forslag fra departementet i Prop. 119 L (2011–2012) Endringer i kommunelova m.m (eigenkontroll mv.).

Endringene i kommuneloven trer i kraft 1. juli 2013. Unntatt fra dette er endringen i kommuneloven § 50 nr. 1 andre punktum, som trer i kraft 1. januar 2014, og endringen i § 77 nr. 2 som trer i kraft 1. november 2015. Endringene i IKS-loven trer i kraft 1. januar 2014. Endringene i inndelingsloven og hvitvaskingsloven trer i kraft 1. juli 2013.

Departementet har også vedtatt enkelte endringer i forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner og forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner. Disse trådte i kraft 1. januar 2013.

Departementet gir i dette rundskrivet en oversikt over lovendringene og knytter noen korte kommentarer til disse. Vi viser til Prop. 119 L (2011–2012) og Innst. 128 L (2012–2013) for ytterligere omtale av lovendringene.

Når ikke annet er sagt, blir begrepet kommune brukt som en felles betegnelse på både kommuner og fylkeskommuner.

2. Endringer i kommuneloven – egenkontroll

2.1 Kontrollutvalget – tidspunkt for valg

Kommuneloven § 17 nr. 2 er endret slik at kontrollutvalget skal velges på det konstituerende møtet i kommunestyret, etter valg av formannskap og ordfører. Formålet med endringen er å sikre at kontrollutvalget blir korrekt sammensatt, ved at minst ett medlem av kontrollutvalget blir valgt inn i kommunestyret. På bakgrunn av dette blir også § 17 nr. 3 endret for å slå fast at kontrollutvalget trer i funksjon fra det konstituerende møtet.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

2.2 Kontrollutvalget – åpne møter

Kommuneloven § 77 nr. 8 om at møtene i kontrollutvalget holdes for lukkede dører dersom ikke utvalget selv har bestemt noe annet, blir opphevet. Det innebærer at den alminnelige bestemmelsen om møteoffentlighet i § 31 også vil gjelde for kontrollutvalget. Etter lovendringen vil derfor hovedregelen være at møtene i kontrollutvalget skal være åpne. En forholdsvis utførlig omtale av reglene i § 31 er gitt i kapittel 8 i departementets rundskriv H-4/11 av 24. august 2011. Vi viser også til Prop. 152 L (2009–2010) (møteoffentlighet).

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

2.3 Kontrollutvalget – valgbarhet

Det er foretatt en utvidelse av kretsen over hvilke grupper som ikke er valgbare til kontrollutvalget. Kommuneloven § 77 nr. 2 er vedtatt endret slik at også varamedlemmer til kommunestyrekomiteer skal være utelukket fra valg til kontrollutvalget.

Denne endringen trer ikke i kraft før **1. november 2015**, men omtales her for oversiktens skyld.

2.4 Kontrollutvalget og revisor – rett til innsyn i selskaper

Overskriften i § 80 er endret til *Innsyn og undersøkelser i selskap*. Dette for å bringe overskriften i samsvar med innholdet i bestemmelsen. Videre er det vedtatt endringer i bestemmelsen delvis med sikte på å klargjøre hvilke type selskaper det er innsynsrett i, delvis med sikte på å utvide kretsen av selskaper det er innsynsrett i.

I § 80 er interkommunale samarbeid etter § 27 tatt inn. Det betyr at det vil bli innsynsrett også i de § 27-samarbeider som er egne rettssubjekter. Aksjeselskaper der kommune(r) eller interkommunale selskaper (IKS) direkte eller indirekte eier alle aksjer, er også tatt inn i lovteksten som innsynsobjekt. Et eksempel kan være aksjeselskap som er eiet av et interkommunalt selskap (IKS), enten alene eller sammen

med en eller flere kommuner. Også datterdatterselskaper vil kunne være eksempel på dette.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

2.5 Rapporteringsplikt i årsberetningen

I kommuneloven § 48 nr. 5 innføres det et krav om rapportering om internkontrollen i årsberetningen til kommunen. Dette er ment som et virkemiddel til å sette arbeidet med internkontrollen på dagsordenen lokalt. Kravet innebærer at det skal gjøres rede for både iverksatte tiltak og planlagte tiltak for å sikre betryggende kontroll.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

3. Endringer i hvitvaskingsloven – egenkontroll

Rapporteringsplikt for regnskapsrevisor

Den som er ansvarlig for revisjon av regnskapet for kommune eller kommunalt foretak får rapporteringsplikt etter hvitvaskingsloven. Denne plikten etableres ved at disse tas inn i oppramsingen over rapporteringspliktige etter hvitvaskingsloven § 4 andre ledd nr. 1. Plikten innebærer å undersøke og eventuelt rapportere dersom revisor har mistanke om at en transaksjon er knyttet til hvitvasking eller terrorfinansiering.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

4. Endringer i kommuneloven – kommunale foretak

4.1 Åpne styremøter

Kommuneloven § 68 nr. 5 om at styrets møter holdes for lukkede dører dersom ikke kommunestyret har bestemt noe annet i vedtektene, blir opphevet. Det innebærer at den alminnelige bestemmelsen om møteoffentlighet i § 31 også vil gjelde for styremøtene. Etter lovendringen vil derfor hovedregelen være at styremøtene skal være åpne. Lovendringen skjer på bakgrunn av at det ikke synes å være behov for en så vid adgang til å lukke møtene. Det er også departementets vurdering at åpenhet i kommuner, som foretakene er en del av, er med på å skape tillit til kommunal virksomhet og å styrke lokaldemokratiet.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

4.2 Daglig leders internkontrollansvar

Det er foretatt en presisering i kommuneloven § 71 nr. 2, som regulerer daglig leders internkontrollansvar. Det bør ikke være noen tvil om at daglig leder har et helhetlig internkontrollansvar. Ordlyden er derfor endret for at bestemmelsen skal speile det reelle innholdet i internkontrollansvaret. Bestemmelsen får derfor en utforming etter mønster av kommuneloven § 23 nr. 2, som regulerer administrasjonssjefens internkontrollansvar.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

5. Endringer i kommuneloven – økonomi

Avdrag på likviditetslån og trekkrettigheter

Kommuneloven § 50 nr. 7 bokstav b regulerer oppgjør av likviditetslån og trekkrettigheter. Bestemmelsen blir nå opphevet, fordi den anses som overflødig i det regelverket som kommunesektoren er underlagt i dag, og at dette bør stå uregulert.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

6. Endringer i inndelingsloven

Sammensetningen av fellesnemnda

Det er foretatt endringer inndelingsloven § 26 første ledd. Etter lovendringen er det ikke lengre et krav om at fellesnemnda *skal* speile av innbyggertallet i de enkelte kommunene, loven sier nå at den *bør* speile av innbyggertallet. I tillegg er minimumstallet på antall medlemmer fra hver kommune redusert fra fem til tre.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

Med hilsen

Siri Halvorsen (e.f.)
avdelingsdirektør

Erland Aamodt
seniorrådgiver

Dette dokumentet er elektronisk godkjent, og sendes uten signatur

Son 16/13

Dagleg leiar/
Revisjonssjef: Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27
terje.forde@kryssrevisjon.no
postmottak@kryssrevisjon.no
Bank: 3705.08.27845
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Eigarkommunane til KRYSS Revisjon
v/Kommunestyret / Bystyret

Kopi: Kontrollutval
/SEKOM

Dykkar ref.:
Samarbeidsavtale

Vår ref.:
Årsrekneskap 2012

Arkivkode:
210&14

Journalnr.:
071 / 2013

Dokumentdato:
22. mai 2013

ÅRSREKNESKAP OG ÅRSRAPPORT FOR 2012, KRYSS REVISJON

Vedlagt oversender vi revidert årsrekneskap for Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord – KRYSS Revisjon – for 2012. Vi sender også vedlagt Samstyret sin Årsrapport for 2012.

Desse dokumenta er handsama av både Arbeidsutvalet (17.04.13) og Samstyret (14.05.13) i KRYSS Revisjon, og er samrøystes fastsette og godkjende slik dei no ligg føre. Til orientering er desse dokumenta også oversendt til kontrollutvalet sitt sekretariat, SEKOM-Sekretariat, slik at desse dokumenta også som informasjon til den einssilde eigarkommune sitt kontrollutval. ←

Møteboka og særutskrifter frå sakene i Samstyret sitt møte den 14.05.13 er oversendt kommunane i eigen ekspedisjon.

Vi legg også ved oppdatert representantoversikt for dei styrande organ i KRYSS Revisjon.

Er det spørsmål til dokumenta, kan De ta kontakt enten med underteikna, med Styreleiar Trygve Jacobsen; tlf. mobil: 41 53 07 30, eller kommunen sin representant i Samstyret.

Dette til orientering.

Med helsing


KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD
Terje Førde
Dagleg leiar.

VEDLEGG:

v Rekneskap 2012, KRYSS Revisjon m/vedlegg
v Årsrapport 2012 for KRYSS Revisjon
v Representantoversikt ajourført pr. mai 2013.

Regionskontor for kommunane:
Flora, Askvoll, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora
Tlf. 57 75 60 97
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde
Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 85 47
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Representantoversikt - SAMSTYRET OG ARBEIDSUTVALET I KRYSS-REVISJON, funksjonstid 2011 - 2015

Kommunerevisjonen for kommunane i Ytre Sogn og Sunnfjord - KRYSS REVISJON

Konstituerende møte i Samyret den 12. jan. 2012; etter vedtak/val i Kommunestyra/Bystyra i deltakarkommunane i perioden oktober - desember månad 2011.

Jfr. Vedtekter for samarbeidet og Samarbeidsavtale kommunane imellom; vedtekte den. 2. desember 2004 - Dagleg leiar/Revisjonssjef: Terje Førde

Representantoversikt:		Kontorkommune/Forretningsadresse: Førde kommune, Høgstadv. 23/25, 2. etg., Postb. 487, 6801 Førde						
Kommune:	Representant:	Namn:	Adresse:	Telefon privat:	Telefon arb.	Mobiltelefon	E-post-adresse:	Medl. Arb. Utvalet
Askvoll	Representant:	Jorunn Ringstad	Askvoll	57 73 02 78	6980 Askvoll	99 24 52 91	jorrings@online.no	A
	Vararepr.:	Ruben Fedøy	Bulandet		6987 Bulandet			
Bremanger	Representant:	Charlotte Melvær Skjøelberg	Davik	57 79 41 13	6727 Bremanger	57 79 11 11	charlotte75@hotmail.no	1.vA
	Vararepr.:	Kjartan Wiik	Davik	57 79 48 98	6730 Davik	91 73 16 20		
Fjaler	Representant:	Geir Magne Tessem	Postboks 11	57 73 62 16	6961 Dale i Sjf.	41 42 22 63	geir.tessem@online.no	
	Vararepr.:	Johnny Haugsbakk	Flekkje	57 73 64 20	6968 Flekke			
Flora	Representant:	Tore Jakob Madsen	Firdavn 54G, 6900 Florø	57 74 85 77	6900 Florø	41 10 82 65	tore.jakob.madsen@gmail.com	A
	Vararepr.:	Vidar Grønnevik	Hans Blomgt. 33, 6900 Florø	57 74 20 24	6900 Florø	90 54 41 18	vidar@vili.no	
Førde	Representant:	Trygve Jacobsen	Mo	57 72 53 56	6819 Førde	41 53 07 30	trygve.jacobsen@sfi.no	A
	Vararepr.:	Norunn Ulvedal	Klopstad/Erdal, 6800 Førde	57 82 02 67	6800 Førde	99 22 85 23		
Gaular	Representant:	Kari Birkeland		57 71 15 16	6973 Sande i Sjf.	57 71 15 16	kari-b@online.no	A
	Vararepr.:	Kjerstin Haugsbø	Gjytten	57 71 72 60	6977 Bygstad	91 55 11 41		
Gulen	Representant:	Jenny Norunn Nordal	Dalsbygda 352	57 78 31 70	5960 Dalsøyra	56 34 47 18	kjelhn@online.no	3. vA
	Vararepr.:	Lars Atle Larsen	Ånneland		5977 Ånneland	90 63 73 51	lars.a.l@frsurf.no	
Hyllestad	Representant:	Unni Systaddal			6958 Sørbovåg	48 17 91 60	unni.systaddal@havyard.com	2.vA
	Vararepr.:	Frode Akse		57 78 65 51	6953 Leirvik i Sogn, 57 78 65 51			
Jølster	Representant:	Audun Høyvik	Hus	57 72 81 17	6843 Skei i Jølst	90 56 27 27	audhoev@online.no	
	Vararepr.:	Johannes Juklestad	Årdal	57 72 72 09	6843 Skei i Jølst		juklestad@online.no	
Naustdal	Representant:	Øystein Djupvik	Naustdalslia	92 63 19 63	6817 Naustdal	92 63 19 63	oystein@djupvik@gmail.com	
	Vararepr.:	Viggo Leikanger	Geila 14		6817 Naustdal	48 00 48 04		
Solund	Representant:	Birger Hjønnvåg		57 78 67 94	6928 Kolgrov	48 03 90 10	sonia.hjonnevag@eninvest.net	A
	Vararepr.:	Anne Kari Reigstad			6924 Hardbakke	48 26 33 52		
obs ! Repr. Merka med A (siste kolonne) utgjør Arbeidsutvalet (5 repr. valgt i møte 12.01.12) + 1., 2., 3. vA = Vararepr. Arb.utvalet (rekkef.)								

Samstyremedlemmane i KRYSS Revisjon
Eigarkommunane i KRYSS Revisjon

Dykkar ref.:
Årsrekneskapen 31.12.2012

Vår ref.:
F:\rekneskap2011\Årsrapport2012\tf13

Arkivkode:
210&14

Journalnr.:
020 / 2013

Dokumentdato:
13. mars 2013

ÅRSRAPPORT 2012

for
Kommunerevisjonen
i
Ytre Sogn og Sunnfjord

KRYSS REVISJON

Regionskontor for kommunane:
Flora, Askvoll, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø
Tlf. 57 75 60 97
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular
Førde kommune, Hafstadvegen 23/25, 6800 Førde
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. 57 82 48 01
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 85 47
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

1. ORGANISERING

Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (forkorta til *KRYSS Revisjon*) vart etablert 01.01.2005. Revisjonssamarbeidet er organisert etter Kommunelova § 27, som interkommunalt samarbeid, med eigen samarbeidsavtale mellom 11 deltakarkommunar; *Askvoll, Bremanger, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gulen, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund*. Det er vedteke eigen samarbeidsavtale og det er oppretta og vedteke egne vedtekter, samt fleire reglement for driftinga av revisjonssamarbeidet. Samarbeidsavtalen har 12 månaders oppseingstid, og samarbeidsavtalen gjeld fram til den eventuelt blir sagt opp av ein av partane.

KRYSS Revisjon er deltakarkommunane (eigarkommunane) si eiga kunnskaps- og rådgjevingsbedrift med spisskompetanse på offentleg forvaltning generelt, og på kommunal forvaltning spesielt. Verksemda er tilpassa kommunane og dei offentlege, heileigde eller deleigde verksemdar, i eigarkommunane innafør regionane Ytre Sogn og Indre og Ytre Sunnfjord.

Revisjonssamarbeidet kan tilby følgjande tenester til kommunane/oppdraga :

- Rekneskapsrevisjon
- Reell og formell forvaltningsrevisjon
- Selskapskontroll og eigarskapskontroll
- Overordna analyse
- Særattestasjonsordningar/Attestasjonsoppdrag
- Rådgjevingstenester innafør
 - Kommunalt rekneskap og kommunal/offentleg økonomi
 - Kommunal og interkommunal (offentleg) forvaltning
 - Interkommunalt samarbeid (IKS-lovverket m/forskrifter)
 - Kommunale føretak og særbedrifter
 - Kyrkjelege fellesråd, sokneråd, stiftingar og legat
 - Finansforvaltning
 - Sosialtenesta/Kommunehelsetenesta m/klientrekneskap i institusjon og PU
 - Overformynderi, verge-/hjelpvegerekneskap (Vergemålslova)
 - Hamnevesen, Hamne- og farvannslova
 - Spelemiddelrekneskap/Tilskotsformidling
 - Prosjektrekneskap/Byggjerekneskap m/Lov om offentlege anskaffelsar
 - Tilskotsrapportering
 - Meirverdiavgiftregelverk (meirverdiavgiftslova)
 - Momskompensasjonsregelverk (momskompensasjonslovverket)
 - Offentlege/Kommunale refusjonsordningar, m.v.; særlovgevinga, etc.

1.1 Styrande organ:

KRYSS Revisjon vert leia av eit styre, med nemninga *Samstyret*. Samstyret består av 11 representantar; ein frå kvar av deltakar-/eigarkommunane, der kvar representant har ei stemme. Oppgåvene til Samstyret går fram av *vedtektene* for revisjonssamarbeidet. I tillegg er det vedteke ein eigen instruks for Samstyret sitt virke.

Konstituerande møte for inneverande kommunevalperiode vart halde den 12. januar 2012.

Samstyret har i 2012 vore samansett slik:

Faste medlemmar i Samstyret:

Trygve Jacobsen, Førde kommune, Styreleiar
 Jorunn Ringstad, Askvoll kommune, Nestleiar
 Charlotte Melvær Skjølberg, Bremanger kommune, Medlem
 Geir Tessem, Fjaler kommune, Medlem
 Tore Jakob Madsen, Flora kommune, Medlem
 Kari Birkeland, Gaular kommune, Medlem
 Laila S. Nyhammer, Gulen kommune, Medlem
 Unni Systaddal, Hyllestad kommune, Medlem
 Audun Høyvik, Jølster kommune, Medlem
 Øystein Djupvik, Naustdal kommune, Medlem
 Birger Hjørnevåg, Solund kommune, Medlem

Personlege vararepresentantar:

Norunn Ulvedal
 Ruben Fedøy
 Kjartan Wiik
 Johnny Haugsbakk
 Vidar Grønnevik
 Kjerstin haugsbø
 Lars Atle Larsen
 Frode Akse
 Johannes Juklestad
 Viggo Leikanger
 Anne Kari Reigstad

Det er oppretta eit eige *Arbeidsutval* på 5 medlemmar. Arbeidsutvalet har i 2012 vore samansett slik:

Styreleiar Trygve Jacobsen, Førde
Nestleiar Jorunn Ringstad, Askvoll
Medlem Kari Birkeland, Gaular
Medlem Laila S. Nyhammer, Gulen
Medlem Tore Jakob Madsen, Flora

Varerepresentantar (rekkefølge):
 1. Charlotte Melvær Skjølberg, Bremanger
 2. Birger Hjørnevåg, Solund
 3. Unni Systaddal, Hyllestad

Funksjonstida til dei valde representantane er samsvarande med kommunevalperioden. Det er Samstyret sjølv som avgjer Arbeidsutvalet si samansetting. Ettersom det nye Samstyret konstituerte seg etter kommunevalet hausten 2011, først den 12.01.12, vart det valt nytt Arbeidsutval frå same dato. Både Samstyret og Arbeidsutvalet har hatt full funksjonstid sidan nyvalet fann stad den 12.01.12.

1.2 Rekneskapsforar og Revisor:

Rekneskapen til KRYSS Revisjon vert ført innafor Førde kommune sin programvare. Fagansvarleg for rekneskapen er *rekneskapsjef* Terje Guddal i Førde kommune. Rekneskapen vert revidert av *Kommunerevisjonen i Nordfjord*, v/revisjonssjef Markvard Sunde, Stryn.

1.3 Administrativ organisering:

Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord – KRYSS Revisjon – er organisert etter ein desentralisert organisasjonsmodell med 3 regionskontor. Organisasjonsstrukturen inneber eitt regionskontor i Hyllestad kommune (Kommunehuset i Hyllestad), eit regionskontor i Flora kommune (2. etg. i Strandgt. 43 i Florø), og hovudkontor i Førde (Førdetunet i Hafstadvegen 23/25 i Førde). Dagleg leiar/revisjonssjefen opererer innafor heile regionen, men med mest fordeling på kontora i Førde og Flora. Ein medarbeidar ved Førde-kontoret (50 % stilling) gjekk over i pensjon frå 31.12.2012, og stillinga er utvida, lyst ledig og det vil bli føreteke tilsetjing i 2013.

2. DRIFTA I 2012 – Det åttande driftsåret for KRYSS Revisjon

2.1 Bemanningssituasjon :

KRYSS Revisjon har hatt ei bemanningsplan på 7,5 årsverk, fordelt på 8 medarbeidarar sidan starten i 2005. Verksemda ser no ut til å ha funne si form med oppgåvefordeling og effektiv ressursutnytting, men einskilde stillingsheimlar har vore hardt belasta arbeidsmessig. Med omsyn til tal oppdrag og arbeidsoppgåver elles må ein stadig vurdere oppgåveomfanget og ansvarsfordeling medarbeidarane imellom. Verksemda er sårbar ved sjukefråvær og vakansar i stillingar. Samstyret har i samband med budsjettvedtaket for 2013 vedteke å utvide personalressursane frå 7,5 til 8 årsverk.

Det ligg utfordringar i det omfang og dei oppgåver som kjem frå kommunane sine kontrollutval når det gjeld bestillingar for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt. Dette vil det alltid måtte vere eit sterkt fokus på. Sameleis må vi vurdere ressursane når arbeidsoppgåver og oppdraga fell ifrå, på same måten som når nye oppdrag er aktuelle å ta opp i portefølgjen eller sentrale myndigheiter gjennom nye regelverk initierer nye oppgåver som vert lagt til den kommunale revisjon.

2.2 Dagleg leiar-rolla:

Dagleg leiar førestår sekretariatetsfunksjonen for dei styrande organ i KRYSS Revisjon. Han er revisjonssamarbeidet sin administrasjonssjef og i tillegg er han verksemda sin revisjonssjef, som har det overordna, revisjonsfaglege ansvaret. Han nyttar delar av si arbeidstid til overordna revisjonsplanlegging med rullering, oppdatering, oppfølging og implementering av den praktiske revisjonsmetodikk.

Forutan leiging og administrering av den daglege drifta av verksemda har dagleg leiar ei operativ rolle innafor finansiell revisjon for fleire oppdrag. Rådgjevingstenestene frå dagleg leiar og det øvrige personalet er etterspurt og etter kvart blitt omfangsrikt, og femnar ikkje berre dei 11 deltakarkommunane, men eit fagleg mangfald innafor mange regelverk, for heile oppdragsportefølgjen til KRYSS

Revisjon. Dagleg leiar og dei øvrige medarbeidarane søkjer å ha nærheit til den reviderte, ved å vere til stades i og kommunikasjon med kommunane og oppdraga gjennom samtaler og dialog, og har også møter med både administrasjonen og kontrollutvala. Møteplikta i kommunestyra/bystyra blir etter vår oppfatning ivareteke på ein god måte.

2.3 Revisjons- og rådgjevingstenestene, ekstern kvalitetskontroll :

Den eksterne kvalitetskontrollen har saman med fagleg oppdatering og eit stort engasjement frå alle tilsette bidrege til nytenking og nyskaping i måtar å løyse revisjonsoppgåvene på. Det er fokus på stadig å bli betre og for å etterleve etterutdannings- og fagleg ajourhold-kravet til einkvar medarbeidar. Det er lagt vekt på fagsamlingar, arbeidsmøter, personalmøter og faglege oppdateringar, der alle medarbeidarane tek del. Teamarbeid er eit nøkkelord og ein styrke, som det vil det måtte vere fokus på framover også. Dette samarbeidet vil vere ein kontinuerleg prosess og ei styrking av KRYSS Revisjon si *merkevarebygging*. Dei tilsette har sett stor pris på *styreleiar sitt engasjement* i dette arbeidet.

KRYSS Revisjon skal framstå som eigarkommunane si eiga kunnskaps- og rådgjevingsbedrift med spisskompetanse på kommunal forvaltning, og som i tillegg til å sikre nærleik til fagmiljø, også skal ivareta og sikre kommunane sin tilgang til denne. Dette inneber at KRYSS Revisjon til eikvar tid skal yte dei tenester som kommunane etterspør, til ein stabil, forutsigbar og konkurransedyktig pris, med eit forholdsvis langsiktig og økonomisk stabilt perspektiv. Det er vår oppfatning at KRYSS Revisjon nyter stor respekt og tillit i dette både frå kommunane og dei andre oppdraga.

KRYSS Revisjon er underlagt *ekstern kvalitetskontroll av ekstern tilsynsmyndighet*, både for det som gjeld utøvinga av *finansiell revisjon og forvaltningsrevisjon*. Kontrollar viser at kommunerevisjonen i all hovudsak driv i samsvar med *internasjonale revisjonsstandarder* og innafor *god revisorskikk og god kommunal revisjonsskikk*. Rapportar frå ekstern kvalitetskontroll blir førelagt dei styrande organ. Som ein del av tilsynsfunksjonen til kontrollutvala overfor kommunerevisjonen, vert desse rapportane også førelagt kommunane sine kontrollutval.

2012 har på mange måtar vore eit veldig spesielt år, med *ei lei sak* som gjekk i media over mange månader. Samstyret sine vedtak kring den konkrete saka har ikkje late seg effektuere slik eit samrøystes Samstyre har kravd. Etter KRYSS Revisjon si oppfatning burde kommunen dette gjeld, ha handtert denne saka på ein heilt annan måte enn det som fekk lov til å skje over mange månader i 2012. Det er verd å merke seg at kommunestyret i vedkomande kommune har uttrykt full tillit til KRYSS Revisjon i to samrøystes vedtak i løpet av 2012.

2.4 Moteaktivitet, saker, m.v. :

Det er i 2012 halde 4 møter i Samstyret og 2 møter i Arbeidsutvalet. Det er handsama 29 saker i Samstyret og 12 saker i Arbeidsutvalet. Vi nemner her saker kring konstitueringa for ny valperiode, perioderapportar, årsrapport, årsrekneskap og årsbudsjett, økonomi- og handlingsplan, mål og strategiplan, opplæringsplan, kontorlokaler hovudkontoret, tariffoppgjeret, driftsavtale IKT og møteplaner, m.v.

Vi nemner her nokre av dei sentrale styringsdokument som er vedtekne av Samstyret :

- ☒ Mål og strategiplan for KRYSS Revisjon
- ☒ Økonomi- og handlingsplan
- ☒ Økonomireglement
- ☒ Godtgjerdslereglement
- ☒ Opplæringsplan
- ☒ Arbeidsreglement
- ☒ Tilsettingsreglement
- ☒ Instruks for Samstyret
- ☒ Instruks for dagleg leiar
- ☒ Lønspolitisk utviklingsplan

Møtestadane har rullert mellom kontorstadane, Førde, Hyllestad og Florø. Dagleg leiar fungerer som møtesekretær før, under og etter møta.

2.5 Produksjonsresultat og økonomisk/rekneskapsmessig resultat for 2012:

2.5.1 Produksjon av revisjonstenester, forvaltningsrevisjon, m.v.:

Alle rekneskapar, og alle særattestasjonsoppgåver, er handsama av revisjonen *utan ugrunna opphald*, og det er vår oppfatning at einkvar revisormedarbeidar har strekt seg langt for å etterleve dei fristar som har vore sett, når fristane har vore korte og arbeidsmengda har vore stor.

Dei målsettingar som er forankra i mål og strategiplanen er i all hovudsak nådd i løpet av driftsåret. Det er KRYSS Revisjon si oppfatning at kommunane er godt nøgde med dei revisjons- og rådgjevingstenester og dei forvaltningsrevisjonsrapportar som er levert i 2012. Tilbakemeldingane frå kommunane har vore utelukkande positive i forhold til det som er levert.

Vi meiner det er riktig å peike på det forventningsgap ein over tid har opplevd mellom det omfang av forvaltningsrevisjonar som har vore bestilt og det som har vore mogleg å levere innafor tidsplan og det rammeverk (ressursar) som er lagt i budsjetta. Vi viser til tidlegare årsrapportar kring dette. I løpet av 2012 er det bestilt og levert overordna analyser for dei fleste kommunar. Det har kravd mykje ressursar på slutten av 2012 og inn i 2013, og er ein ressursbruk som er ein del av det ein har lagt opp til å 'serve' kontrollutvala med. Kontrollutvala vil utfordre oss med omsyn til nye bestillingar av konkrete forvaltningsrevisjonsoppgåver framover.

2.5.2 Økonomisk/rekneskapsmessig resultat, m.v.:

Rekneskapan for 2012 balanserer med kr. 7.111.191,22. Det må her takast omsyn til kompensérbar moms med kr. 175.370,91, og interne finanstransaksjonar (underskotet) med kr. 117.571,28. Differansen mellom driftsutgifter og driftsinntekter utgjer kr. 117.571,28. Beløpet er i rekneskapan framført som udekkta meirforbruk (underskot) ved årsskiftet. Dette vert forklart ved bl.a. ei vesentleg meirkostnad på pensjonskostnadene og auken i reguleringspremien overfor KLP. Pensjonsutgiftene viser åleine ei budsjettoverskriding på ca kr. 230.000,-. Det vert vist til noteopplysningane kring dette i rekneskapan for 2012. Ein viser elles til dei spesifiserte utskriftene frå årsrekneskapan for 2012 og dei vedlegg som følgjer den. Den kommunevise spesifikasjonen av revisjonshonorara for 2012 går fram av eigen Note 15 til årsrekneskapan. Dagleg leiar har gjort greie for korleis meirkostnaden i 2012 kan dekkast inn. Dette er omtala i Note 14, og det vil bli førelagt eigen sak kring dette overfor Samstyret i samband med rekneskapsgodkjenninga for 2012.

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av samarbeidet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk.

Stryn, den 19.03.2012


Markvard Sunde
Revisjonssjef

022/13 ORIENTERING OM SEKTOR SKULE OG KULTUR I NAUSTDAL KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 15.08.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	29.05.2013	022/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå SEKOM-sekretariat til Naustdal kommune – «Orientering om sektor skule og kultur i Naustdal kommune», datert 24.05.2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Sak 06/09 Kontrollutvalsarbeid tiltak

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orientering om sektor skule og kultur i Naustdal kommune vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

ORIENTERING OM SEKTOR SKULE OG KULTUR I NAUSTDAL KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Rådmann i Naustdal kommune orienterer om sektor for skule og kultur i Naustdal kommune

Saksopplysningar:

Den 21.05.2013, under sak 019/13 ”Eventuelt” vart det gjort følgande vedtak.

- *Kontrollutvalet vedtek å kalle inn rådmannen for å orientere om sektor skule og kultur på neste møte i kontrollutvalet.*

Den 24.05.2013 vart det sendt brev til Naustdal kommune der det blir bedt om at administrasjonen førebur ei orientering om sektor skule og kultur i samband med neste møte i kontrollutvalet i Naustdal kommune.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gloppen, Gaular, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Naustdal kommune
Postboks 46
6806 NAUSTDAL

Førde, 24.05.13

Dykkar ref.: Vår ref.: Vø Jnr.: 191/13 Arkiv: Naustdal

ORIENTERING OM SEKTOR SKULE OG KULTUR I NAUSTDAL KOMMUNE

Kontrollutvalet i Naustdal heldt møte 21.05.13. Under sak 019/13 «Eventuelt» vart det gjort følgjande vedtak.


- *Kontrollutvalet vedtek å kalle inn rådmannen for å orientere om sektor skule og kultur på neste møte i kontrollutvalet.*

Vi ber difor om at administrasjonen førebur ei orientering om sektor skule og kultur i samband med neste møte i kontrollutvalet i Naustdal kommune.

Dato for neste møte i kontrollutvalet i Naustdal er etter planen 29. august 2013.

Innkalling til møtet vil bli sendt dykk omtrent ei veke før møtet.

For kontrollutvalet



Vidar Øvrebø

SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

023/13 ORIENTERING - OPPFØLGING AV ARBEIDET MED TRAFIKKTRYGGINGSPLAN I NAUSTDAL KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 15.08.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	29.05.2013	023/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå SEKOM-sekretariat til Naustdal kommune – «Orientering – oppfølging av arbeidet med trafikktryggingsplan i Naustdal kommune», datert 22.05.2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Sak 06/09 Kontrollutvalsarbeid tiltak
- Sak 016/12 «Orientering – trafikktryggleiksplan i Naustdal kommune»
- Sak 032/12 «Trafikktryggingsplan i Naustdal kommune»
- Sak 018/13 «Oppfølgingsliste 2-2013 Naustdal»
- Kommunestyresak 080/12 «Trafikktryggleiksplan 2013 – 2017

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orientering om arbeidet med trafikktryggingsplan i Naustdal kommune vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

ORIENTERING - OPPFØLGING AV ARBEIDET MED TRAFIKKTRYGGINGSPLAN I NAUSTDAL KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Rådmann i Naustdal kommune orienterer om arbeidet med trafikktryggingsplan i Naustdal kommune

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøte den 09.05.2012 i sak 016/12 «Orientering – trafikktryggjeiksplan i Naustdal kommune» orienterte rådmannen om trafikktryggingsplanen i Naustdal kommune.. Under orienteringa kom det fram at trafikktryggjeiksplan for Naustdal kommune skal på plass innan eit år.

I kontrollutvalsmøte den 09.11.2012 sak 032/12 «Trafikktryggingsplan i Naustdal kommune», orienterte rådmanne om status i arbeidet med trafikktryggjeiksplan i Naustdal kommune og at planen ville bli fremma for kommunestyret i desember 2012.

I kommunestyret i sak 080/12 «Trafikktryggjeiksplan 2013 – 2017», den 13.12.2012 vart planen vedteken.

I sak 018/13 «Oppfølgingsliste 2-2013 Naustdal» gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet vil kalle inn rådmannen på neste møte for å orientere om oppfølging av trafikktryggjeiksplan i Naustdal kommune.*

I brev den 22.05.2013 ber kontrollutvalet om at administrasjonen førebur ei orientering om oppfølging av arbeidet med trafikktryggjeiksplanen i Naustdal kommune i møte den 29.08.2013.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gloppen, Gaular, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Naustdal kommune
Postboks 46
6806 NAUSTDAL

Førde, 22.05.13

Dykkar ref.: Vår ref.: Vø Jnr.: 188/13 Arkiv: Naustdal

ORIENTERING – OPPFØLGING AV ARBEIDET MED TRAFIKKTRYGGINGSPLAN I NAUSTDAL KOMMUNE

Kontrollutvalet i Naustdal fekk orientering i sak 016/12 «Orientering – trafikktryggleiksplan i Naustdal kommune» i møtet den 09.05.2012. Under orienteringa kom det fram at trafikktryggleiksplan for Naustdal kommune skal på plass innan eit år.

I kontrollutvalsmøte den 09.11.2012 sak 032/12 «Trafikktryggingsplan i Naustdal kommune», orienterte rådmannen om status i arbeidet med trafikktryggleiksplan i Naustdal kommune og at planen ville bli fremma for kommunestyret i desember 2012.

I kommunestyret i sak 080/12 «Trafikktryggleiksplan 2013 – 2017», den 13.12.2012 vart planen vedteken.

I sak 018/13 «Oppfølgingsliste 2-2013 Naustdal» gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet vil kalle inn rådmannen på neste møte for å orientere om oppfølging av trafikktryggleiksplan i Naustdal kommune.*

I samband med neste møte i kontrollutvalet ber kontrollutvalet om at administrasjonen førebur ei orientering om oppfølging av arbeidet med trafikktryggleiksplanen i Naustdal kommune.

Dato for neste møte i kontrollutvalet i Naustdal er etter planen 29. august 2013. Innkalling til møtet vil bli sendt dykk omtrent ei veke før møtet.

For kontrollutvalet


Vidar Øvrebo

SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

024/13 ORIENTERING OM STATUS PÅ BREIBANDSUTBYGGING I NAUSTDAL KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 15.08.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	29.05.2013	024/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå SEKOM-sekretariat til Naustdal kommune – «Orientering om status på breibands utbygging i Naustdal kommune i Naustdal kommune», datert 22.05.2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Sak 06/09 Kontrollutvalsarbeid tiltak
- Sak 025/12 «Eventuelt»
- Sak 033/12 «Orientering om breibands utbygging i Naustdal kommune»
- Sak 018/13 «Oppfølgingsliste 2-2013 Naustdal»

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orientering om status vedrørende utbygging av breiband i Naustdal kommune vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

ORIENTERING OM STATUS PÅ BREIBANDSUTBYGGING I NAUSTDAL KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Rådmann i Naustdal kommune orienterer om status på breibandsutbygginga i Naustdal kommune

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøte den 20.11.12 i sak 033/12 «Orientering – om breibandsutbygging i Naustdal kommune» orienterte rådmannen om at det var sendt skriv til grendalaga for å kartlegge flaskehalsar i breibandet i kommunen. Kommunen ville også møte Telenor for å ta opp dekning i grender som har problem med breibands dekning.

I sak 018/13 «Oppfølgingsliste 2-2013 Naustdal» gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- *«Kontrollutvalet vil kalle inn rådmannen på neste møte for å orientere om status vedrørende utbygging av breiband i Naustdal kommune.»*

I brev den 22.05.2013 ber kontrollutvalet om at administrasjonen førebur ei orientering om status på breibandsutbygging i Naustdal kommune i møte den 29.08.2013.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Naustdal kommune
Postboks 46
6806 Naustdal

Førde, 22.05.13

Dykkar ref.:

Vår ref: Vø

Jnr.:185/13

Arkiv: Naustdal

ORIENTERING OM STATUS PÅ BREIBANDSUTBYGGING I NAUSTDAL KOMMUNE

I kontrollutvalsmøte i Naustdal den 17.09.12. Under sak 025/12 «Eventuelt» vart det vedteke å kalle inn rådmann for å orientere om status på breibands utbygging i Naustdal kommune.

I kontrollutvalsmøte den 20.11.12 i sak 033/12 «Orientering – om breibandsutbygging i Naustdal kommune» orienterte rådmannen om at det det var sendt skriv til grendalaga for å kartlegge flaskehalsar i breibandet i kommunen. Kommunen ville også møte Telenor for å ta opp dekning i grender som har problem med breibandsdekning.

I sak 018/13 «Oppfølgingsliste 2-2013 Naustdal» gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- «Kontrollutvalet vil kalle inn rådmannen på neste møte for å orientere om status vedrørende utbygging av breiband i Naustdal kommune.»

I samband med neste møte i kontrollutvalet ber kontrollutvalet om at administrasjonen førebur ei orientering om status i breibands utbygging i Naustdal kommune.

Neste møte er etter planen den 29. august 2013.

Innkalling til møtet vil bli sendt dykk omtrent ei veke før møtet.

For kontrollutvalet



Vidar Øvrebø

SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

025/13 ORIENTERING OM ETISK REGLEMENT I NAUSTDAL KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 15.08.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	29.05.2013	024/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå SEKOM-sekretariat til Naustdal kommune – «Orientering om etisk reglement i Naustdal kommune», datert 22.05.2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Sak 06/09 Kontrollutvalsarbeid tiltak
- Sak 015/12 «Orientering – etisk reglement i Naustdal kommune»
- Sak 018/13 «Oppfølgingsliste 2-2013 Naustdal»

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orientering om etisk reglement i Naustdal kommune vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

ORIENTERING OM ETISK REGLEMENT I NAUSTDAL KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Rådmann i Naustdal kommune orienterer om etisk reglement i Naustdal kommune

Saksopplysningar:

Den 09.05.2012 fekk Kontrollutvalet i Naustdal orientering frå rådmannen om arbeidet med etisk reglement i sak 015/12 «Orientering – etisk reglement i Naustdal kommune». Rådmannen orienterte om at arbeidet med etisk reglement ikkje var starta.

I sak 018/13 «Oppfølgingsliste 2-2013 Naustdal» gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet vil kalle inn rådmannen på neste møte for å orientere om status i arbeidet med etisk reglement i Naustdal kommune.*

I brev den 22.05.2013 ber kontrollutvalet om at administrasjonen førebur ei orientering om etisk reglement i Naustdal kommune i møte den 29.08.2013.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gloppen, Gaular, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Naustdal kommune
Postboks 46
6806 NAUSTDAL

Førde, 22.05.13

Dykkar ref.: Vår ref.: Vø Jnr.: 187/13 Arkiv: Naustdal

ORIENTERING OM ETISK REGLEMENT I NAUSTDAL KOMMUNE

Kontrollutvalet i Naustdal fekk orientering frå rådmannen i sak 015/12 «Orientering – etisk reglement i Naustdal kommune» i møtet den 09.05.2012. Rådmannen orienterte om at arbeidet med etisk reglement ikkje var starta.

I sak 018/13 «Oppfølgingsliste 2-2013 Naustdal» gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet vil kalle inn rådmannen på neste møte for å orientere om status i arbeidet med etisk reglement i Naustdal kommune.*

I samband med neste møte i kontrollutvalet ber kontrollutvalet om at administrasjonen førebur ei kort orientering om status i arbeidet med etisk reglement i Naustdal kommune.

Dato for neste møte i kontrollutvalet i Naustdal er etter planen 29. august 2013.

Innkalling til møtet vil bli sendt dykk omtrent ei veke før møtet.

For kontrollutvalet



Vidar Øvrebo

SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

026/13 PLAN FORVALTINGSREVISJON – NAUSTDAL KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 15.08.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	29.08.2013	026/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg

- Utkast til Plan for forvaltingsrevisjon 2012 - 2015 – Naustdal kommune, datert 21. mai 2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Dokumentet «Overordna analyse for Naustdal kommune» med vedlegg, datert 04.02.2013.
Kommunelova.

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Kontrollutvalssak 031/11 «Overordna analyse»

Kontrollutvalssak 009/13 «Overordna analyse – Naustdal kommune»

Kontrollutvalssak 015/13 «Plan for forvaltningsrevisjon – Naustdal kommune».

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kommunestyret godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Naustdal kommune for perioden 2012 – 2015.
- Planen har i utgangspunktet følgjande prioritering av prosjekt:

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.
- 5.

- Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden.

Tilråding frå kontrollutvalet til Bystyret:

Innleiing – Kva saka gjeld

Det skal leggjast fram plan for forvaltningsrevisjon for kommunestyreperioden 2012 – 2015.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. Det skal lagast plan for forvaltningsrevisjon i kommunen for valperioden innan 31.12. året etter kommunevalet, i denne omgong altså innan 31.12.2012. kommunestyret skal vedta planen etter innstilling frå kontrollutvalet.

Planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ein overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderingar med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike einingane og tenesteområda.

Forvaltningsrevisjon er i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004 definert som: *”Systematisk vurdering av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Under dette om:*

- a) *forvaltninga brukar ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader,*
- b) *forvaltninga sin ressursbruk og verkemiddel er effektive i høve til måla som er sett på området,*
- c) *regelverket vert etterlevd,*
- d) *styringsverktøy og verkemiddel til forvaltninga er føremålstenlege,*
- e) *vedtaksgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav,*
- f) *resultat i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnader og/eller resultat for verksemda er nådd.”*

I kontrollutvalssak 031/11 ”Overordna analyse”, vedtok kontrollutvalet at det vart tinga overordna analyse frå KRYSS-revisjon..

I kontrollutvalsmøte 12.02.2012 i sak 009/13 ”Overordna analyse – Naustdal kommune” vart overordna analyse presentert av KRYSS-revisjon. Overordna analyse munna ut med forslag om følgjande aktuelle prosjekt:

- Kontrahering av nybygg og nyanlegg
- Innkjøp/Inngående fakturaer.
- Kontroll av lønsområdet i kommunen.
- KOSTRA- til hjelp og planlegging og styring.

- Sjølvkostberekningar VAR-sektoren.
- Kontroll av lønsområdet, Bruk av timelister, Midlertidig tilsetjing, Tilsetjingar i deltidstilling.
- Evaluering av NN samarbeid.
- Tidsriktig rapportering til politisk nivå?
- Budsjettprosess / fordeling av ressursar.
- Korrekt handsaming av din sak?
- Oppfølging av vedtak i Førde kommune.
- Gjennomgang av ulike reglement og arkivsystem/ordning
- Sjukefråværet – årsak og samanhengar.
- Økonomistyring.
- Vurder bemanninga og ressursbruken på ulike tenesteområder.
- Sjukefråværet – Bruk av eigenmeldingar, fråversregistreringar, personar på timelister.
- Sikring og bruk av kunst.
- «SUM»/Sunnfjord Miljøverk IKS.
- Organisering av legeordninga.
- Innkjøpsavtalar og innkjøpsamarbeid som Naustdal kommune er delaktig i.
- Organisering av tenestene
- Sakahandsaminga, vedtak, svargjeving.
-

Fylkesmannen sin plan for tilsyn i 2013 er også henta inn. Planen syner at det skal vere «Tilsyn med rehabiliteringstilbodet til pasientar som er overført frå spesialisthelsetenesta til sjukeheim etter hoftebrot eller hjerneslag» (utført), «Beredskapstilsyn Naustdal kommune».

På grunnlag av overordna analyse skal kontrollutvalet lage ein plan for forvaltingsrevisjon som det skal tilrå for kommunestyret. Konkret blir kontrollutvalet si oppgåve å velje 3 - 4 prosjekt frå dei forslaga som ligg ovanfor, eller evt. andre prosjekt kontrollutvalet ynskjer å prioritere som skal leggast inn i planen.

Det vert elles vist til vedlagte utkast til Plan for forvaltingsrevisjon 2012 – 2015.

Saka var til handsaming i kontrollutvalet den 21.05.2013, men saka vert utsett til neste møte i kontrollutvalet i påvente av rådmannen si orientering frå sektor skule og kultur.

Sekretariatet sine vurderingar:

Plan for forvaltingsrevisjon

Naustdal kommune

2012 -2015



Naustdal kommune

-med kultur for utvikling

Innhold:

1. Innleiing
2. Prioritering

INNLEIING

1.0 Bakgrunn

I kommunelova § 77 pkt. 4 står det at kontrollutvalet skal sjå til at det vert ført kontroll med at den økonomiske forvaltninga føregår i samsvar med gjeldande reglar og vedtak, og at det vert gjennomført systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå bystyret sine vedtak og føresetnader (forvaltningsrevisjon).

Forskrift om kontrollutval § 10 Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon lyder slik:

§ 10. Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkekommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.

1.1. Kontrollutvalet si rolle

Kontrollutvalet ynskjer å medvirke til fornuftig ressursbruk og god forvaltning i kommunen, og ser forvaltningsrevisjon som eit verkemiddel til å oppnå dette. Kommunestyret har det øvste ansvaret for at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon, og kan gje instruksar om kva prosjekt om forvaltningsrevisjon som skal setjast i verk. Kontrollutvalet har ei tingarrolle overfor revisor i høve til forvaltningsrevisjonen som skal utførast.

1.2 Tidsperspektiv

Kravet i forskrifta er at planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjon vert utarbeidd minimum ein gong i laupet av valperioden. Kontrollutvalet ser det ikkje som naudsynt å leggje planen fram for bystyret oftare med mindre det oppstår situasjonar i perioden planen gjeld for som gjer at kontrollutvalet finn dette føremålstenleg. Denne planen omhandlar prioriteringar og arbeid for perioden 2012 – 2015 eller fram til det vert laga ein ny plan.

1.3 Overordna analyse

Kontrollutvalet vil jobbe aktivt med å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på ulike område. Dette vil kunne skje gjennom ein dialog mellom kontrollutval, administrasjon, revisor og andre. Dette vil vere ein laupande prosess. Det er utarbeidd ein overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå risiko- og vesentlegskapsvurderingar. Analysen gjennomført av KRYSS-revisjon. Analysen er hovudgrunnlaget for prioriteringane i denne planen.

Føremålet med analysen har vore å framskaffe relevant informasjon om verksemda i kommunen, slik at det i planen for forvaltningsrevisjon vert mogeleg å prioritere mellom ulike område der slike revisjonar vil vere aktuelle. Målet er å avdekke indikasjonar på avvik eller veikskap i forvaltninga sett i høve til lover, forskrifter og kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

1.4 Definisjon av forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon er i kommunelova § 77, nr. 4 definert som ”..systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader.”

Innhaldet i forvaltningsrevisjonen er ytterlegare utdjupa i forskrift om revisjon § 7, første ledd:

Forvaltningsrevisjon inneber å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

Under dette om

- a) forvaltinga brukar ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader*
- b) ressursbruken og verkemidla til forvaltinga er effektive i høve til måla som er sett på området*
- c) regelverket vert etterlevd*
- d) styringsverktøya og verkemidla til forvaltinga er føremålstenlege.*
- e) vedtaksgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organa samsvarar med offentlege utgreiingskrav*
- f) resultatata i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnader og/eller om resultat for verksemda er nådd.*

Opplistinga er ikkje uttømmende.

PRIORITERINGAR

2.1 Generelt

Omfanget av forvaltningsrevisjon er avhengig av identifiserte behov og dei ressursar som vert stilte til rådvelde for oppgåva. Den gjennomførte analysen er ikkje uttømmende, og vil ikkje kunne ta omsyn til alle tilhøve. Han må sjåast på som eit verktøy til å gjere ei prioritering av område/tema som vil vere aktuelle for forvaltningsrevisjon. Konkret formulering av prosjektet må ein kome attende til når tingingsdokument skal utformast.

2.2 Prioriterte område for forvaltningsrevisjon i perioden

Kontrollutvalet har med bakgrunn i overordna analyse og i det som er nemnt over vurdert følgjande område som aktuelle for forvaltningsrevisjon i perioden:

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.

Det kan tenkjast at kontrollutvalet gjennom sitt laupande arbeid vert kjent med tilhøve som etter utvalet si vurdering bør gjerast gjenstand for forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet ber kommunestyret om å få høve til eventuelt å gjere omprioriteringar av framlagde plan / setje i gong forvaltningsrevisjon der dette vert vurdert som naudsynt. Resultat av slike eventuelle forvaltningsrevisjonar vil bli rapportert til kontrollutvalet etter gjeldande retningsliner.

2.3. Rapportering av gjennomførte prosjekt

Kontrollutvalet vil laupande rapportere til kommunestyret om kva forvaltingsrevisjonar som er gjennom i Naustdal. I samsvar med forskrift om kontrollutval § 11 skal kontrollutvalet rapportere til kommunestyret om kva forvaltingsrevisjonar som er gjennom i Naustdal og om resultatane av desse. Kontrollutvalet vil oppfylle rapporteringskravet anten ved å sende rapportane vidare til kommunestyret for handsaming, eller ved å sende dei til kommunestyret som meldingssak. Det vil også bli opplyst om gjennomførte prosjekt og prosjekt under arbeid i kontrollutvalet si årsmelding til kommunestyret. Vidare er det kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at kommunestyret sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltingsrevisjon vert følgde opp.

027/12 BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2014

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM-sekretariat

Dato: 15.08.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	29.08.2012	027/13	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyre		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Spesifikasjon av forslag til budsjett.
- Reglement for godtgjersle til folkevalde i Naustdal kommune, vedteke av kommunestyret i sak 54/09.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kommunelova.
- Reglement/vedtak for godtgjersle til folkevalde i Naustdal kommune.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett og artsspesifikasjon for "Drift av kontrollutval".

Konto 11600 Skyss- og diettgodtgjersle	Kr. 1.500,-
Konto 10800 Godtgjersle folkevalde	Kr. 97.000,-
Konto 10990 Arbeidsgjevaravgift	Kr. 10.700,-
Konto 11500 Opplæring/kurs/seminar	Kr. 20.000,-
Konto 11959 Kontingentar	Kr. 2.000,-
Telefon leiar	Kr. 1.200,-
<u>Drift av kontrollutvalet</u>	<u>Kr. 135.900,-</u>

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saksutgreiing

BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2014

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Naustdal kommune.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §18, har kontrollutvalet ansvar for at det vert utarbeidd budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Eit forslag til budsjettråme skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Kontroll- og tilsynsorganet inneheld tre element, (heretter kalla prosjekt i samsvar med nemningane i kontoplanen); revisjon, sekretariat og drift av kontrollutvalet. Det er naturleg at budsjettet vert fordelt på desse tre prosjekta.

I posten "Drift av kontrollutvalet", høyrer følgjande kostnader naturleg inn:

Kostgodtgjersle

Køyregodtgjersle.

Tappt arbeidsforteneste

Møtegodtgjersle

Arbeidsgjevaravgift

Kurs/seminar

Kontingentar

Andre utgifter

For kontrollutvalet i Naustdal er satsar for godtgjersle nedfelt i Reglement for godtgjersle til folkevalde i Naustdal kommune som gjeld frå 01.01.2010. Satsane for møtegodtgjersle vert regulert årleg i samsvar med løna til stortingsrepresentantane. Gjeldande sats frå 1. mai 2013 er kr. 836.579,-

- Kost- og køyregodtgjersle etter statens regulativ
- Tappt arbeidsforteneste. : Ulegitimert kr. 200,- pr. time inntil kr. 1.500,- pr. dag. Legitimert tappt arbeidsforteneste vert dekkja etter dokumentasjon inntil kr. 2.000,- pr. dag.
- Møtegodtgjersle kontrollutvalsleiar: 3,5% av ein stortingsrepresentant si godtgjersle.
- Møtegodtgjersle medlemmer i kontrollutvalet: 2,0% av ein stortingsrepresentant si godtgjersle.
- Varamedlemmer kr. 400,- pr. møte.

Naustdal kommune er med i interkommunale samarbeid når det gjeld revisjon og sekretariattjenester gjennom høvesvis KRYSS-revisjon og SEKOM-sekretariat. Begge desse selskapa er organiserte etter §27 i kommunelova, og begge selskapa har teke inn i vedtektene sine at det er styret i selskapet som vedtek budsjettet, og at budsjettet skal sendast til kommunane innan 1. november året før budsjettåret.

Sekretariatet sine vurderingar:

Budsjettforslaget blir lagt fram som følgje av krav om dette i lova.

Budsjetta for KRYSS-revisjon og SEKOM-sekretariat vert vedtekne i dei respektive styra.

Kontrollutvalet skal derfor ikkje leggje fram budsjett for desse.

Kontrollutvalet bør ha høve til å ta ut perioderapportar i løpet av året. Derfor er det viktig at budsjettpostane vert lagt inn i budsjettet til Naustdal kommune slik at dette er mogeleg.

BUDSJETT KONTROLLUTVALET I NAUSTDAL KOMMUNE 2014

Køyregodtgjersle	1500	(5*4,05*73)	
Tapt arbeidsforteneste	3500	(5*600*1,12)	(Inkl. feriepengar)
Møtegodtgjersle	97000	836.579	Leiar 3,5% og medlemmer 2,0% av st.representant si godtgjersle.(4 representantar)96206
Arbeidsgjevaravgift	10700	10,6%	av m.g. og t. arb.f.t.
Kurs/seminar	20000		
Kontingentar	2000		
Telefon leiar	1200		
Drift	135900		

Reglement for godtgjersle til folkevalde i Naustdal kommune

Reisegodtgjersle:

1. Alle med reise over 4 km får dekkede utgifter til bruk av egen/kollektiv transportmiddel etter statens regulativ. Dette gjeld reiser til møte i ulike møte i kommunale organ og i samband med representasjon for kommunen på møte, kurs o.a. Det vert ytt kostgodtgjersle etter statens reglar.
2. Kwart medlem sender inn rekning på fastsett skjema seinast 1.3, 1.6 og 1.12, for reiser i perioden før desse datoane.

Fast godtgjersle:

Ordførar

Vervet som ordførar er eit verv på full tid.

Den årlege godtgjersla for vervet som ordførar vert fastsett til 80 % av den til ei kvar tid gjeldande løn for stortingsrepresentantar.

- Etablert pensjonsordning for folkevalde vert vidareført
- Eigen ordning ved sjukdom vert innført ved at kommunen betaler ut godtgjersla i heile funksjonsperioden sjølv om ordførar vert sjukmeld.
- Kommunen innfører tilsvarande ordning for ordføraren som går fram av Hovedtariffavtalen kap. 1 § 10: Ytelser etter dødsfall/gruppelivsforsikringer.
- Kommunen innfører ordning med feriepengar for ordføraren. Det vert ikkje betalt ut godtgjersle for juni månad det første året av perioden. Ved å skyve denne godtgjersla som er halden tilbake inn i neste år, vil det bli rom for utbetaling av ein månads godtgjersle sommaren etter avgang.
- Det vert innført ettergodtgjersle for ordførar. Når valperioden sluttar vert det gjeve ettergodtgjersle i 3 månader dersom vedkomande ikkje har stilling å gå attende til.
- Ordførar disponerer kommunalt abonnement på mobiltelefon

Varaordførar, formannskapsmedlemmer, komiteiarar og komitemedlemmer får slik fast godtgjersle pr. år rekna i prosent av det som til ein kvar tid er løn for stortingsrepresentantar.

<u>Varaordførar</u>	8,0 %
<u>Formannskapsmedlemmer utanom ordførar og varaordførar</u>	3,5 %
<u>Komiteiarar</u>	3,0 %
<u>Leiar i kontrollutval</u>	3,5 %
<u>Kontrollutval:</u>	2,0 %
<u>Andre kommunestyremedlemmer/komite- medlemmer</u>	2,0 %

For andre utval/nemnder vert møtegodtgjersla fastsett til kr. 400,- pr. møte.

For møtande varamedlemmer vert det utbetalt ei møtegodtgjersle på kr 400.- pr møte.

Med unntak av ordfører vert godtgjersla utbetalt ein gong i året, i desember månad.

Dersom eit medlem deltek i mindre enn 2/3 av tal møte i komite/utval/kommunestyre i løpet av eit år vert den faste godtgjersla redusert med 50%.

Tapt arbeidsforteneste:

Legitimert tap av inntekt vert dekt med inntil 2.000,- kr. pr. dag. Slike krav vert dekket etter attest frå arbeidsgjevar. Ulegitimert tap av inntekt der dette er tilstrekkeleg dokumentert vert dekket med inntil kr. 200,- pr. time inntil kr. 1.500,- pr. dag.

Andre utgifter:

Folkevalde (kommunestyremedlemer eller medlemer i utval som kommunestyre har oppnemnt) får dekt direkte utlegg på inntil kr. 200.- pr. møte i samband med deltaking i møte ved framlegg av dokumentasjon. Dette gjeld t.d. utgifter til barnepass, til stell av sjuke og stedfortredar.

Formanns

kapsmedlemer, komiteleiarar og leiar i kontrollutvalet får ei fast godtgjersle til bruk av telefon på 300.- kr pr kvartal. Utbetaling vert gjort ein gong i året.

Habilitet i høve til handsaming av reglementet:

Kommunelova § 40-3 har følgjande bestemmelse om folkevalde sin habilitet til å delta i val og bestemme godtgjersle:

"Inhabilitet inntreir ikke ved valg til offentlige tillitsverv eller ved fastsetting av godtgjøring og lignende for slike verv.

Dette reviderte reglementet er vedtøke av kommunestyret 17.12.09 – sak 54/09.

(Lagra: Felleskatalog - Reglement for godtgjersle til folkevalde)

028/13 OPPFØLGINGSLISTE 3-2013 NAUSTDAL

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 16.08.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	29.08.2013	28/13	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 3-2013 Naustdal.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Oppfølgingslist 3-2013 Naustdal vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 3-2013 NAUSTDAL

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følge opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 24. mai 2013.

Lista vil bli oppdatert fortløpande og regelmessig lagt fram for kontrollutvalet..

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 3-2013 - Naustdal.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Naustdal kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
06/09 Kontrollutvals-arbeid - tiltak	13.02.09	Ulike tiltak for å ytterlegare oppfylle intensjonen i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.	13.02.09 Vedtak KU - Orientering frå adm. - Tertialrapportar - Tilsynsrapport frå fylkesmannen. - Kvalitetsrapportar tilsyn med revisor. - Orientering frå revisor.
022/10 VAR-sektoren .	12.05.10	Kvalitetssikring jfr. Presisering i revisjonsmeldinga for 2009. Abonnentar som ikkje betalar pga gamal avtale.	12.05.10: Vedtak KU: - Kontrollutvalet ber om tilbakemelding på arbeidet med kvalitetssikring av rutine kring etterkalkulasjon av sjølvkostområda. -Kontrollutvalet ber om å få tilsendt avtalane som har vore grunnlag for fritak eller halv avgift for vatn. -Kontrollutvalet ber om å få oversikt over storleiken på dei subsidierte vassavgiftene fordelt på dei to tidlegare vassverka. - Kontrollutvalet ber om å få admi si vurdering av korleis denne saka bør løysast og innanfor kva tidsperspektiv. -Frist for tbm 1. juni 2010. 27.05.10 Brev til Naustdal kommune. Sjå sak 40/12
Orientering om samhandlingsreforma i Naustdal kommune.		Aktuelt tema.	
025/10 Rekneskap og sluttrapport investeringsprosjekt og status investeringsprosjekt under arbeid.			12.05.10 Vedtak KU: - KU ber om satus over pågåande inv.prosjekt. -KU ber om at rekneskap og sluttrapport vert lagt fram for investeringsprosjekt som er avslutta. 27.05.10 s. brev til Naustdal kommune. Ikkje motteke svar 27.03.12 Sendt nytt brev frå KU til Naustdal kommune, Ikkje motteke svar. Sjå sak 36/12
039/10 Eventuelt	03.11.10		04.11.10 Brev til rådmann med innkalling til orientering om følgjande saker: - Oppvekst og kultur i Naustdal kommune. o Luftkampmuseet – Er drift av Luftkampmuseet i tråd med kommunestyrevedtak og vedtekter?
13/11 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – ”Sjølkostberekningar VAR	01.06.11		01.06 .11Vedtak KU - Tingingsdokument godkjent 01.06.11 Bestilling sendt til KRYSS.

sektoren.”			10.11.11 Motteke statusoversyn over tinga forvaltningsrevisjon. 04.09.12 E-post frå KRYSS-revisjon - statusoppdatering -forvaltningsrevisjonsprosjekt. Sjå sak 40/12
015/12 Orientering – etisk reglement i Naustdal kommune.	09.05.12		09.05.12 Vedtak i KU: - Arbeidet med etisk reglement er ikkje starta. Kontrollutvalet tek orienteringa om etisk reglement i Naustdal kommune til vitande.
025/12 Eventuelt	17.09.12		17.09.12 Vedtak i KU: -Kontrollutvalet vil kalle inn rådmann for å orientere om status i arbeidet med etisk reglement i Naustdal kommune på neste møte i kontrollutvalet. -Kontrollutvalet vil kalle inn rådmann for å orientere om status i arbeidet med trafikktryggleiksplan i Naustdal kommune på neste møte i kontrollutvalet. -Kontrollutvalet ynskjer at rådmann orienterer om status på breibands utbygging i Naustdal kommune på neste møte i kontrollutvalet. 20.09.12 Sendt brev til Naustdal kommune - «Orientering om status på breibands utbygging i Naustdal kommune. 20.09.12 Sendt brev til Naustdal kommune – «Orientering om status i arbeidet med trafikktryggleiksplan i Naustdal kommune» 20.09.12 Sendt brev til Naustdal kommune – «Orientering om etisk reglement i Naustdal kommune».
026/12 Orientering – Naustdal kommune sin eigarskap i selskap.			17.09.12 Vedtak i KU: Kontrollutvalet ber rådmann om ei orientering om selskap som Naustdal kommune er medeigar i på neste møte i kontrollutvalet. -Kontrollutvalet ber også om status i arbeidet med utarbeiding av eigarskapsmelding i Naustdal kommune. 20.09.12 Sendt brev til Naustdal kommune - «Orienteing om Naustdal kommune sin eigarskap i selskap»
033/12 Orientering – om breibandsutbygging i Naustdal kommune	20.11.12		20.11.12 Vedtak i KU: Rådmannen si oreintering om status på breibandsutbygging i Naustdal kommune vert teken til vitande. - Kommunen har sendt skriv til grendalaga for å kartlegge flaskehalsar i breibandet i kommunen. - Kommunen vil møte Telenor for å ta opp dekning i grender som har problem med breibandsdekning.
036/12 Undersøking – investeringsprosjekt under arbeid i Naustdal kommune - Tinging	20.11.12		20.11.12 Vedtak i KU: Kontrollutvalet tingar ei undersøking frå KRYSS-revisjon der det blir bed om at det vert utarbeida ei oversikt over rekneskap og sluttrapportar for investeringsprosjekt under arbeid i Naustdal kommune. 20.11.12 Tinging sendt til KRYSS-revisjon.

039/12 Revisjonsrapport – Vurdering av vassverkavtaler.	03.12.12		03.12.12 Vedtak i KU: -Kommunesyret viser til rapporten "Vurdering vassverkavtaler" utarbeidd av KRYSS-revisjon og datert 19.november. 2012. -Kommunestyret ber administrasjonen ta konklusjonen og innhaldet i rapporten til vitande. 04.12.12 Sendt til kommunestyret.
040/12 Forvaltningsrevisjonsrapport – Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren – Naustdal kommune	03.12.12		03.12.12 Vedtak i KU: Kontrollutvalet viser til revisjonsrapporten "Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren" frå KRYSS-revisjon, datert 19.11.2012 og til forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. Kontrollutvalet sender rapporten over til kommunestyret for handsaming med følgjande tilråding om vedtak: Kommunestyret tek rapporten til orientering, med følgjande vurdering og konklusjon: <ul style="list-style-type: none"> • Kommunestyret merkar seg konklusjonen om at dei nøklar som ligg til grunn for fordeling av indirekte kostnader i VA samsvarar med dei tilrådingar og normer som er lagt til grunn i H-2140 "Retningsliner for berekning av sjølvkost for kommunale betalingstenester". 04.12.12 Sendt til kommunestyret. 13.12.13 Vedtak i kommunestyret.
042/12 Orientering – Naustdal kommune sin eigarskap i selskap	03.12.12		03.12.12 Vedtak i KU: Orienteringa om rutinar for tilbagemelding på henvendingar til Naustdal kommune frå publikum er tatt til vitande. - Kommunen vil utarbeide eigarskapsstrategi og eigarmelding for kommunalt eigde selskap innan 1. mai 2013.
004/13 Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Naustdal	12.02.13		12.02.13 Vedtak i KU: Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Naustdal kommune vert godkjent. 15.02.2013 Saka sendt til ks.
008/13 Vurdering av oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit.	12.02.13		12.02.13 Vedtak i KU: Det er kontrollutvalet sitt ansvar at ansvarleg revisor kvart år dokumenterer si uavhengigheit. Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Naustdal kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av uavhengigheit datert 11. januar 2013 til vitande. Saka vert sendt til kommunestyret til orientering. 15.02.13 Sendt til KS til orientering. 21.03.13 Til orientering i kst.
009/13 Overordna analyse – Naustdal kommune.	12.02.13		12.02.13 Vedtak i KU: - Det vert vist til dokumentet «Overordnaanalyse for Naustdal kommune» med vedlegg, datert 4. februar 2012 og presentasjon av Overordna analyse av KRYSS-revisjon i møtet. - Overordnaanalyse vert å nytte som grunnlag for å prioritere prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012-2016. - Plan for forvaltningsrevisjon vert lagt fram som sak i neste møte i kontrollutvalet.
012/13 Godkjenning innkalling og sakliste.	21.05.13		21.05.13 Vedtak i KU: Ingen merknader til innkalling og sakliste

013/13 Skriv og meldingar	21.05.13		21.05.13 Vedtak i KU: Skriv og meldingar vert teken til vitande.
014/13 Årsrekneskap og årsmelding 2012 - Naustdal	21.05.13		21.05.13 KU si tilråding til kommunestyret: Sjå vedlagte uttale. 22.05.13 Uttale sendt til formannskap og kommunestyret.
015/13 Plan for forvaltningsrevisjon – Naustdal kommune	21.05.13		21.05.13 Vedtak i KU: Saka vert utsett til neste møte i påvente av rådmannen sin orientering frå sektor skule og kultur.
016/13 Statusliste med oppfølging av kommestyrevedtak.	21.05.13		21.05.13 Vedtak i KU: Kontrollutvalet tek oversikt over kommunestyresaker til vitande.
017/13 Rutinar for tilbakemelding på henvendingar til Naustdal kommune frå publikum.	21.05.13		21.05.13 Vedtak i KU: Kontrollutvalet tek rutinane «Alminnelige reglar om sakshandsaming» til vitande.
018/13 Oppfølgingsliste 2-2013 Naustdal.	21.05.13		21.05.13 Vedtak i KU: - Kontrollutvalet vil kalle inn rådmannen på neste møte for å orientere om status vedrørende utbygging av breiband i Naustdal kommune. - Kontrollutvalet vil kalle inn rådmannen på neste møte for å orientere om status i arbeidet med etisk reglement i Naustdal kommune. - Kontrollutvalet vil kalle inn rådmannen på neste møte for å orientere om oppfølging av trafikktryggleiksplan i Naustdal kommune. 24.05.13 Sent brev – Oppfølging av arbeidet med trafikktryggingssplanen i Naustdal kommune. 24.05.13 Sent brev – Orientering- om status på breibandsutbygging i Naustdal kommune. 24.05.13 Sent brev – Orientering om etisk reglement i Naustdal kommune.
019/13 Eventuelt	21.05.13		21.05.13 Vedtak i KU: - Kontrollutvalet vedtek å flytte neste møte frå 9. September til 29. August. - Kontrollutvalet vedtek å kalle inn rådmannen for å orientere om sektor skule og kultur på neste møte i kontrollutvalet. 24.05.13 Sent brev – Orientering om sektor skule og kultur i Naustdal kommune.
Oppdatert 24.05.13			

029/13 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 16.08.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet Kommunestyre	29.08.2013 -	029/13 -	- -	Nei Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.